

Årsmelding 2010



Norges KFUK - KFUM Møre og Romsdal krins

Styrer, verv og ansatte

KRINSSTYRET

Etter årsmøtet i 2010 har KS hatt følgende sammensetning:

Styreleder:

Oddrun Vatne

Styremedlemmer:

Thor Gunnar Hovlid, Tafjord

Torunn Ervik, Kristiansund

Lina Hennem, Hareid

Sondre Grimstad Arnesen, Ulstein

Øystein Sørensen, Ålesund

Bjørn Otterlei, Molde

Vararepresentanter:

Jostein Kipperberg, Ulstein

Silje Osberg, Molde

Elfrid Kleven Hanstad, Ulstein

Toril Osborg Vinjevoll, Ørsta

KS hadde 11 møter og behandlet 62 saker i 2009

Krinssekretær:

Hilde Maria Espelid, Ulsteinvik - 31.07.10

Marit R.Andersen, vikariat 01.09- 01.11.10

Kristin V. Valderhaug 15.11.10 →

ÅRSMØTET 2010 ble avviklet 18.april på Ynglingen i Ålesund og hadde 20 deltagere.

Ansatte i kretsen

Første del av 2010 var Hilde Maria Espelid ansatt som krinssekretær i 100 % stilling.

Hun søkte 20 % permisjon for å undervise på Sufh og jobbet derfor 80 % for krinsen. Hilde Maria Espelid sa opp sin stilling hos oss 1.mai 2010, og hadde sin siste arbeidsdag som krinssekretær 31.juli.

I august var krinssekretærstillingen vakant.

Fra 1.september til 1.november kom Marit R. Andersen inn i et 40 % vikariat på krinskontoret. Fra 1.-15.november var stillingen igjen vakant, før Kristin Vigestad Valderhaug kom inn som krinssekretær i 80 % stilling fra 15.november.

Det har i 2010 ikke vært noen andre ansatte i kretsen.

Styret for Botterlia leirsted



Etter årsmøtet i 2010 har disse sittet i styret for Botterlia:

Anders Thorn (leder)

Knut Risan (nestleder)

Odd Helge Sandvik (regnskapsfører)

Frank Meese (brannvernleder)

Gunn Risan Nakken (referent)

Merete Stokkeland (utleieansvarlig)

Torunn Festø (styremedlem)

Björg Kleivenes (varamedlem)

Audun Hovland (varamedlem)

Dagfinn Gjerde (revisor)

Valgkomité

Etter årsmøte i 2010 har disse sittet i valgkomiteen:

Eldrid Gryt, Hareid

Reidunn Vigestad Berge, Ørsta

Åge Birger Hofseth, Ålesund

Enheter og medlemmer

Det er de siste årene blitt enklere å registrere medlemmer, rutinene har blitt bedre og det er gledelig. Alle innmeldinger og oppdateringer foregår på KFUK-KFUM sine hjemmesider (Min Side).

Innregistrering av nye medlemmer skjer fortløpende, mens det 4 ganger i året blir gjort kontingentkjøringer der det blir sendt ut kontingentkrav for nye medlemmer.

Kontinuerlig oppdateringer av enhetens medlemsregister medfører at medlemslisten på nettet til enhver tid er mest mulig oppdatert. Det gjør at blader og andre medlemsgoder blir sendt ut riktig.

Medlemmer som starter på høsten får høstrabatt, dvs at de får høsten + hele neste år til kontingentprisen av ett år. Nye høstmedlemmer registreres også via websiden, og siste frist for å få registrert årets medlemmer med denne ordningen er 1. nov.

15. mars 2011 er enhetenes frist for innsending av årsrapport for 2010. Årsrapporten er en oversikt over hvem som er hovedleder og hvem som sitter i styret i en KFUK-KFUM-gruppe og hvordan kontingenten samles inn, samt en kort rapport om hva gruppa gjør med høydepunkter i året som gikk. Det er hovedleder som har ansvar for å levere årsrapport, og dette gjøres også på KFUK-KFUM sine hjemmesider.

I Møre og Romsdal krins har vi flere nye og gamle enheter hvor vi vet det er aktivitet, men som ikke har sendt inn medlemstall i 2010. Medlemstallet er viktig for å få offentlig støtte og som igjen gir forhandlingstyngde overfor offentlige myndigheter og andre mulige støttespillere.

Innmelding i organisasjonen gir også medlemsfordeler som:

- ulykkesforsikring på alle aktiviteter i KFUK-KFUM-regi
- medlemspris på leirer, festivaler, leder- og ferdighetskurs
- KFUK-KFUM-magasinet 4 ganger i året for dem over 18 år
- Ten Sing-blad, Treklang og andre KFUK-KFUM-produkter til medlemspris
- del i et nasjonalt og internasjonalt nettverk av frivillige og ansatte i over 120 land



Pr 31.12 10 er det registrert 1229 betalende medlemmer i Møre og Romsdal krins. Tabellen på neste side viser medlemmene fordelt på de enkelte enhetene. Fordelingen er gjort ut fra kommune og viser totalt hvor mange medlemmer vi har i hver kommune. Noen er medlemmer i flere enheter i kommunen, i krinskoret og noen også som direktmedlemmer.

MEDLEMMER FORDELT PÅ STED OG ENHET (medlemmer som har betalt pr.31.12)	2009	2010
Direkte medl. M&R KFUK-KFUM	124	130
Krinskoret i Møre og Romsdal	54	57
MOLDE	66	62
Molde KFUM volleyballgruppe	1	1
Kleive Kfum Trial	29	29
Molde Kfuk-Kfum	27	27
Kleive Kfuk	9	9
KRISTIANSUND	8	7
Kristiansund Kfuk-Kfum Ynglingeforening	8	7
ÅLESUND	218	166
Borgund Syng Sang	46	62
Ålesund Kfuk-Forum	19	18
Ålesund 'Voxing'	37	42
Borgund Ten Sing	8	19
Ålesund KFUK-KFUM	28	26
VANYLVEN	5	5
Syvde Kr. Ungdomslag	5	5
SANDE	41	48
Ytre Gurskøen Ten Sing	41	48
HERØY	19	22
I'Sing	19	22
ULSTEIN	143	142
Ulstein Ten Sing	86	95
Ulstein KFUK-KFUM	47	50
Ulsteinvik Kfuk-Gruppe	10	12
HAREID	164	126
Hareid Ten Sing	102	76
Hareid Kfuk-Kfum	57	45
Hareid Kfuk-Gruppe	9	9
VOLDA	263	272
Ørsta og Volda Ten Sing	78	65
Kfum Volda	126	131
Spinnvill Kfuk-Kfum	58	31
Barnekoret på Uppheim	12	46
Volda KFUK-KFUM	-	7
ØRSTA	51	48
Volda Og Ørsta Trialklubb	16	15
Bondal Kr.Ungdomslag	13	11
Lystad Kr. Ungdomsforening	12	12
Ørsta K-Gruppe	15	15
NORDDAL	60	53
Valldal Trialklubb	60	53
SYKKYLVEN	17	14
Faithful Ten Sing, Sykkylven	17	14
SKODJE	56	43
Skodje Trialklubb	29	25
Jubalo Skodje	27	18

SULA	8	-
Kaos (Kom An Og Syng)	8	-
GISKE	6	6
Valderøy Kfuk-Gruppe	6	6
RAUMA	16	17
Holmenstranda II Trial	16	17
NESSET	9	9
Eidsvåg Kfuk	9	9
AVERØY	14	13
Averøy UK trial	14	13
GJEMNES	12	-
Øre Trial-Klubb	12	-
SMØLA	5	5
Steinsøysund Kr.Ungd.Forening	5	5


Andre enheter/virksomhet i Møre og Romsdal krets

Noen enheter er registrert som undergrupper av en hovedforening eller blir regnet som misjonsforeninger. Dette gjelder:

Ulsteinvik K-gruppe 2
Ulsteinvik K-gruppe 3
Ulsteinvik K-gruppe 4
Ålesund KFUK Misjonsgruppe

Enheter med "pause"

Molde Ten-Sing, Kristiansund Ten Sing,
Stranda Ten sing.



Aktivitet i 2010

I løpet av 2010 har det vore mange større og mindre arrangement i krinsen. Somme av desse arrangementa har krinskontoret/krinssekretæren hatt hovudansvaret for. Andre arrangement er det eigne komitear som står bak. Nokre arrangement vert gjennomført i samarbeid med andre organisasjonar eller lokale kyrkjelydar, medan andre er reine KM-tilstelningar.

Felles for alle arrangementa er at dei ikkje hadde vorte noko av utan alle frivillege som har bidrege med innsats og engasjement.

Takk til alle som har stått på slik at det var mogleg å få til dette spennet av aktivitetar!

VT10 i Ålesund



VT'10 blei arrangert i Borgundhallen ved Borgund VGS i Ålesund 12. til 14. februar. Litt over 400 ungdommar var samla der til song og musikk. Lokal arrangør var Ålesund KFUK - KFUM og alle kyrkjelydane i Ålesund med Odd Erling Vik Nordbrønd som leiar for hovudkomiteen. Temaet var "VT'10 - grensesprengende". Vi hadde også besøk av Ten Sing Norway og Voxing frå Ålesund. På fredagen hadde vi konsert med GoodFeel, eit band frå Ulsteinvik med sterke band til KFUK-KFUM og TenSing arbeidet der ute. Laurdagen hadde Møre Bispedøme sitt Ungdomsting, og det gjorde at biskop Ingeborg Midtømme var på besøk også dette året. Som så ofte før, blei VT'10 avslutta med gudsteneste i hallen. Her var også ungdomskoret Respons med.

Besøk av Ten Sing Norway



Som nemnt ovanfor deltok Ten Sing Norway på VT'10. TSN var i krinsen i veka før vintertreffet, og var mellom anna på besøk i Molde og Kristiansund.

Påskeleir på Fjellsetra 27.-31.mars

Det har blitt en tradisjon at NMSU og KFUK – KFUM arrangerer påskeleir sammen for ungdom fra 8. klasse og oppover. Erfaringene har vært gode og leirene har blitt en kjempeopplevelse for deltagerne og lederne.

På årets leir var det 36 deltakere. I tillegg var det 9 ledere, deriblant flere ungdommer. Til sammen var det derfor en god gjeng ungdommer samlet, men det er likevel en nedgang i antall deltakere fra årene før. Vi håper dette vil ta seg opp igjen ved neste leir.

I år hadde vi en internasjonal gjest fra Tanzania i ledergruppa. Han gikk internasjonal linje på SFUH, og var med på å spre mye glede og engasjement på leiren.

I tillegg til full aktivitet i skibakken og morsomme aktiviteter i snøen, var det tid til å høre Guds ord og oppleve et kristent fellesskap.

Påskeleiren er en viktig tradisjon. Det er mange ungdommer som samles, som inspirerer hverandre og har det kjekt i lag. Veldig mange velger å komme tilbake på leiren, men det blir likevel en naturlig utskiftning og nye 8.klassinger kommer til hvert år.

Årsmøte i Ålesund 18.april

Årsmøtet vart halde på Ynglingen i Ålesund 18.april med Ålesund KFUK-KFUM som vert. Ei av sakene som vart tatt opp på årsmøtet var framtida til Botterlia leirstad. Årsmøtet vedtok at leirstaden skulle leggest ut for sal. Under årsmøtet vart det også tid ein felles middag, andakt og musikalske innslag. Rett etter årsmøtet var det høve til å gå på konsert med Voxing.

Padleleir på Holesanden

13. – 15. august

Krinsens årlige padleleir er for barn fra 4. – 7. klasse og i år samlet leiren 21 deltakere og 12 ledere (10 ungdommer og 2 voksne).

Padleleiren er blitt en god tradisjon og som vanlig førte også årets leir til nye vennskap, nye erfaringer og mange gode minner. I år var vi også heldige med været, og med Holesandens flotte bademuligheter ble det morgenbad hver morgen. I tillegg til flaggheis, morgentrim og padling, ble det holdt bibeltimer og kreative aktiviteter. Lørdag gikk "Holyaden" av stabelen: Holesanden olympiske sommerleker. Her var alle deltakerne inndelt i 2 lag og konkurrerte i forskjellige greiner. De yngste lederne hadde ansvar for konkurransene og de eldste lederne var dommere.

Leiren ble avsluttet søndag og da var foreldre og søsken invitert til å være med på marked. Her var det mulig å bruke penger på forskjellige aktiviteter og boder, der inntektene gikk til Global. Nytt av året var å kombinere dette med Holesandensøndag, som er en tradisjonell samling for folk tilknyttet Holesanden. Dette ble en vellykket samling med kaffe og møte, der leirdeltakerne sang, utdeling av diplom og Thorvald Grønli holdt andakt.

Sykkel på Møre

Det ble ikke arrangert sykkelturn i kretsen sin regi i 2010. De som tidligere har stått ansvarlig for arrangementet meldte om

behov for at krinskontoret engasjerte seg i planlegging og organisering. Mellom annet på grunn av vakanse i krinssekretærstillingen lot dette seg ikke gjøre.

Pappa – barn helg

Pappa-barn helg var planlagt helgen 17.-19.september på Fjellsetra. På grunn av for få påmeldte ble arrangementet avlyst. Komiteen melder at det er behov for å rekruttere nye deltakere, siden en del av de som tidligere har deltatt ikke lenger har barn i rette aldersgruppe.

KFUK - weekend på Sunnmøre folkehøgskule

Helga 5.-7.november var 30-40 damer samla til weekend på SUFH. Temaet for weekenden var «Ligge i grønne enger». Aldersspennet var stort; dei yngste deltakarane var i 20-åra, dei eldste over 70. Fredag kveld hadde ein besøk av generalsekretær Adelheid Firing Hvambsal, som mellom anna fortalde om KFUK-KFUM sitt arbeid gjennom Global. Laurdag heldt dr.teol Birgitte Lerheim eit innlegg om «Den vellykka bloggkvinna». Helga vart avslutta med ei flott gudsteneste på søndagen.

Ledertreningskurs



Møre bispedømme, ACTA, Laget, NMSU og KFUK-KFUM har gjennom prosjektet "På tvers av grensene" utviklet og prøvd ut et kurskonsept som fungerer veldig godt. Ledertreningskurset for ungdom rekrutterer og utdanner ungdommer fra 16 og oppover, både til arbeid med konfirmanter, kor, klubb, speider, leir og annet. Våren 2010 ble det avholdt to felles helgesamlinger og 28 ungdommer avsluttet

et ettårig Ledertreningskurs I. Høsten 2010 fikk alle deltakerne fra Ledertreningskurs I tilbud om å fortsette på Ledertreningskurs II. 10 ungdommer valgte å fortsette på det ettårige påbyggingskurset. Dette kurset har kun en samling i halvåret, og av forskjellige grunner ble det vanskelig å samle ungdommene før jul. Høstens samling ble derfor utsatt til januar 2011.

Ledertreningskurs I har et omfang på 100 timer som består i fire helgesamlinger, tre lokalsamlinger, praksis og veiledning lokalt. Kurset kvalifiserer til å være leder i kristent barne- og ungdomsarbeid. En forutsetning er at deltakeren har en praksisplass i barne- og ungdomsarbeidet lokalt eller på leir. Alle deltakerne skal ha en veileder lokalt som opplever deltakeren i sitt frivillige arbeid.

Vi har god tilbakemelding på ledertreningskursene og god søknad fra ungdommer i fylket. Krinsen ønsker derfor å fortsette dette samarbeidet om ledertreningskurs.

Krinskoret



Krinskoret er eit kor for ungdommar frå 10.klasse og oppover frå heile Møre og Romsdal, trass i at vi per no har berre medlemmar frå Sunnmøre.

Krinskoret brukar å samle rundt 30-40 songglade ungdommar til 4 øvingshelger i året. Øvingshelgene har vi på ulike stader i krinsen – i år (2010/2011) har vi vore i Ålesund, Ulsteinvik og Volda og vi planlegger å ha siste helga i Sykkylven. Desse øvingshelgene pregast av blant anna

effektiv øving, sosialt samvær, Bibeldrøs (samtale om tru og tvil) og aktivitet i idrettshall. Av og til når det ligg til rette for det, får vi delta på ei gudsteneste eller Gospelnight der vi får vise fram kva vi har øvd på.

Krinskoret har ei eiga facebookgruppe : *Krinskore Møre og Romsdal*
Der kan dei som vil fylgje med på kva krinskoret driv med.

Jubilantar i 2010

I løpet av 2010 kunne to av hovudforeiningane i krinsen feire runde dagar. Vi vil gjerne nytte høvet til å gratulere jubilantane igjen!

Kristiansund Ynglingeforenings landsted, Byskogen, 100 år

I høst markerte KFUK-KFUM i Kristiansund med brask og bram at vårt kjære Landsted i Byskogen, ”Fru Ada Bødtkers Minde”, var 100 år! Et helt sekel er gått siden lektor Bødtker forærte foreningen hytta med 100 mål skogseiendom. Ca 40 gjester var samlet da varaordfører og livslange Y-medlem Maritta Ohrstrand i en spirituell og takknemlig tale overrakte gave og en pen sjekk fra kommunen. Karen Flatø talte i Bjørnsons ånd, og Bernt Gulla ledet en begeistret festforsamling, som til slutt ble møtt av KFUK-KFUM-speidere ute i skogen med speiderbål, speidersanger og speiderbønn. En verdig markering!

Ålesund KFUK-KFUM

vart 140 år i 2010, men feira først i 2011. Søndag 13.februar 2011 arrangerte Ålesund KFUK-KFUM konsert i Volsdalen kirke og deretter jubileumsfest på Ynglingen.

På konserten i Volsdalen fekk vel 250 menneske oppleve konseptet « I vinens ”I vinens speil” med SKRUK, Mahsa Vahdat og Tord Gustavsens Trio.

På jubileumsfesten på Ynglingen var det framleis Erik Hillestad som var tema. Rundt 100 personer deltok på festen.

Økonomi

Krinsen har avtale med Forbundskontoret om regnskapsføring, mens kontering, budsjettering og økonomistyring blir gjort av krinssekretær og krinsstyret.

Økonomistyringa og regnskapsføring for året 2010 har vært preget av at flere personer har fungert i stillinga som krinssekretær. Vakant stilling deler av året har medført forsinkelser i oversendinger av regnskapsbilag til Forbundskontoret. Det har vært vanskelig for krinssekretær og krinsstyret å få en fullstendig oversikt over økonomien. Arbeidet med budsjett og regnskap har gått sakte, og i etterkant ser vi at manglende oversikt har ført til dobbeltbetalinger og gebyrer. Det har blitt satt i gang tiltak for å få ryddet opp i dette.

Før jul fikk krinsen innført elektronisk bilagshåndtering, som er en del av Forbundet sitt nye økonomisystem. I stedet for å sende alle bilag til Forbundskontoret i posten, blir disse nå skannet og sendt elektronisk. Kontering av bilag foregår elektronisk og gir krinsen tilgang til innsyn i bilagene også i ettertid. Dette nye økonomisystemet gir en større kontroll, oversikt og sikkerhet i forhold til bilagshåndtering.

Kontingentsatsene for 2010:

Barn fom 0 tom 15 år: kr.100

Ungdom fom 16 tom 30 år: kr.165

Voksne fom 31 tom 66 år: kr.395

Voksne fom 67år og uføre: kr.355

Familiemedlemsskap: kr.750

Kr.300 er da andel krets, 450 er andel forbundet (inkl.solidaritetstier)

Kretskontingent:

Barn og ungdom: kr.50

Voksne og pensjonister: kr.75

(Forbundsstyrets vedtak om nye medlemsrutiner for 2009)

Kommunikasjon

Krinskontoret er framleis på Sunnmøre folkehøgskule i Ulsteinvik. Krinssekretær Kristin V Valderhaug kjem til å dele veka mellom krinskontoret og heimekontor.

Vi ser at det ikkje er så mange besøkande innom på krinskontoret. Vi har fått ein del tilbakemeldingar på at det har vore vanskeleg å kome gjennom til krinskontoret på telefon. Dette meiner vi no å ha fått rydda opp i, slik at ein no vert kobla vidare til krinssekretæren sin mobil eller sett over til sentralbordet til SUFH om det er tomt på kontoret.

Vi merkar også at post-mengda og talet på telefonar går ned, og at meir og meir av kommunikasjonen går via epost.

Etter at krinsbladet «Opp og Fram» blei lagt ned har krinsstyret diskutert andre ordningar for å nå ut med informasjon, oppbygging og organisasjonsfellesskap.

Krinsstyret har ønska ein kanal som kan erstatte noko av dette. I løpet av mars/april 2011 vil det verte laga eit meldingsblad som aktivt skal informere alle medlemmer via eit oppdatert adresseregister. Den skal bygge KM-kjensla og ha med stoff både frå framtidige arrangement og referat frå dei som alt er avvikla. Ein ønsker å nå flest muleg med pdf-versjonen av meldingsbladet på e-post. For å få opp økonomien må ein legge ved giro og betalingsinformasjon.

I tillegg vil arbeidet med å forbedre nettsidene halde fram, slik at dei blir endå meir tenlege for krinsarbeidet.



Avrunding

Ei slik årsmelding gir skribentane godt høve til ettertanke; og når vi ser attende var det mykje å glede seg over i 2010:

I løpet av året vart mange flotte arrangement gjennomført.

Engasjerte frivillege har vore med og gjort dette arbeidet mogleg, og både barn, ungdom og vaksne har fått vere med som deltakarar.

Krinsstyret har hatt høg møtefrekvens og godt og stabilt oppmøte blant medlemmane.

På den andre sida har det og vore mange utfordringar gjennom året. I periodar med vakanse i krinssekretærstillinga får vi klart for oss kor avhengige vi er av å ha nokon i denne stillinga, og kor sårbart arbeidet på krinsplan vert når så mykje står og fell på ein person. Det er også ein krevjande prosess for krinsstyret å lyse ut stillinga og finne fram til ein ny person som kan fylle henne.

Når vi så har fått ein person på plass på krinskontoret så ligg det eit ansvar på oss om å gi han eller ho ordna og trygge arbeidtilhøve og god oppfølging. Her føler nok krinsstyret ofte at vi ikkje heilt strekk til. Med lange avstandar og medlemmar frå «begge endar» av krinsen kan det stundom vere utfordring nok for krinsstyret å kome seg gjennom sakslista tidleg nok til at alle rekk heim til natta!

Mykje tid har gått med til å prøve å få oversikt over krinsen sin økonomi. Dette arbeidet har tatt fokus og tid frå andre oppgåver, både for krinsstyre og krinssekretær. Vi håpar at økonomi-arbeidet vil flyte lettare i 2011, men ser at vi framleis vil ha ei stor utfordring i forhold til det økonomiske: For å sikre krinsen ein sunn økonomi framover må det jobbast målretta for å auke inntektene. Vi må ta vare på dei givarane vi har og helst få med fleire i givertenesta. Vi må knytte

til oss sponsorar og utnytte alle høve til å søke om tilskot. Og sist men ikkje minst; vi er avhengige av å drive slik at arrangementa våre går med overskot!

Sjølvsagt kan utfordringane vere mange og tyngande; men når det kjem til stykket er vi likevel heldige som får vere med i dette arbeidet. Vi får sjå mangfaldet av aktivitetar og grupper som finst kring om i krinsen, og alle dei som legg ned tid og krefter for at barn og unge skal få gode aktivitetstilbod. Oppgåva vår som krins er å styrke og legge til rette for arbeidet som skjer i einingane. Gjennom krinsen sine arrangement får vi vere med og skape møteplassar. Stadar der menneske kan møtest, og der menneske kan møte Gud. Og at dette er ei givande og viktig oppgåve kan det vel ikkje vere tvil om!

Ålesund, 20.mars 2011
Oddrun Vatne, krinsleiar

